



GODT SAGT:

Lærdom er for den flittige og rikdom for den forsiktige.

BENJAMIN FRANKLIN

NAMNEDAG

Tysdag 7. august:
Didrik, Doris
Onsdag 8. august:
Evy, Yvonne

VËR OG VIND

Tysdag: Nordleg liten kuling på kysten. Skiftande skydekke. Enkelte regnbyer, utrygt for torden i indre strøk. Lokal morgontåke. Onsdag: Bris mellom vest og nord. Til dels fint ver, men utrygt for lokale regnbyer i indre strøk. Litt kaldare.

STINA I STØÆ:

Synfaring på kraftlinja. – Får håpa det går eit lys opp for dei...

Alt klart for kystsogeveker

NOROM
BRUNÆ


Kva er ditt beste ferieminne?



Camilla Bergås Pletten:
– Det må vel vera Tyrkia i fjor. Det var veldig kjekt!



Hege Therese Rasmussen:
– Eg er der sjeldan, men Sverige er nok det kjekaste.



Joachim Sagstad & Ariel Sagstad Vangen:
– Me har bada i Kristiansand, både ute og inne. Så var det kjekt å gå i dyreparken òg!



Cato Sagstad:
– Eg trur det må vera fotball i England!



FRÅ NOREG TIL AMERIKA: Garden Åsen på Øvre Tveiten, Radøy, representerer det mange nordmenn reiste frå rundt 1900. Besøk der høyrer med når Radøy søndag markerer oppstarten av Kystsogevekene med arrangementet «Frå Noreg til Amerika».

Kommande helg startar Kystsogevekene 2012.



Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Dei årvisse vekene går i 2012 frå laurdag 11. august til søndag 16.

september. Her i vårt distrikt er både Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy med, og arrangementsoversiktene er omfattande.

Sjølve hovudopninga av årets veker skjer i Glesvær i Sund laurdag 11. august. Men her lokalt er ein i sving også før laurdagen, med ulike arrangement. Havsportveka startar alt onsdag, med mange ulike arrangement i Austrheim, både på og under vassflata. Havsportveka har og eit rikt kveldsprogram med alt frå livemusikk til «Beachparty».

Anno 1900

I Radøy er det Nøtlevågsdagen på laurdag, med omvisning og forteljing frå butikken og

meieridrifta i Nøtlevågen, og bryggjedans på kvelden. Søndag er det så opning av kystsogevekene i Radøy, med arrangement på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta, og på garden Åsen på Øvre Tveiten. Det går skyttelbuss mellom dei to, og ved å sjå emigranthusa på Sletta og garden på Tveiten kan ein oppleve både USA og Noreg anno 1900. På Tveiten vert det omvisning og leikar for born, ein kan helsa på ulike dyr og smaka tradisjonsmat. Det vert også konkurranse i ljåslått.

På Sletta er det Amerika-tider, ein kan ta amerikabilete eller

skriva amerikabrev, sjå utstillinga om 99. bataljon, smaka amerikansk mat, og sjå nærare på gardane på Sletta som vart bygde opp med pengar tente «over there». På kvelden søndag vert det konsert i Emigrantkyrkja med Levi Henriksen og Thomas Mårud.

Konsertar

I Masfjorden startar vekene med dobbel Jan Eggum-konsert i Masfjorden båt- og sjøbruksmuseum på laurdag. Søndag er det båt- og rodagar same plass, der kan du få komma på sjøen i robåt, læra deg dei viktigaste

knutane ein sjømann må kunna, og ta «Roknappen» som bevis på at du har kontroll på årene.

I Lindås vert det søndag bokkafé og føredrag i Eknesvågen, Sigbjørn Apeland skal fortelja om Arne Bjørndal, spelemannen som dokumenterte bygdekulturen.

I alt omfattar Kystsogevekene 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør. Dei to siste kom med i 2012, det er Fusa og Kvinnherad.

For heile programmet sjå kystsogevekene.no.

PONDUS



Strilen
Vakttelefon
97 15 10 20